


Otterstadstølen



**Berekna tid/
Estimated time:**



1,5 t
rundtur/
1,5 hour
round trip

**Gradering/
Grading:**



Blå/Blue,
moderat/
moderate

**Høgdeskilnad/
Difference in altitude:**



5–230
meter/
meters

Norsk

Otterstadstølen er vårstølen til gardane på Grønhaug og Otterstad. Stølen vart sett opp på midten av 1800-talet og var i drift fram til 1962. I alt er det åtte sel og uthus på stølen, nokre av dei i to høgder, noko som ikkje er så vanleg på ein vestlandsstøl.

Stien går bratt opp frå Grønhaug og deler seg etter ca. 500 meter. Ein kan velje å følgje anten buføre-vegen som har ein slakare profil, eller følgje stølsvegen langs elva oppover lia. Båe er godt merkja med blått. Turen er ikkje så krevjande og passer for born frå 4–5 år. Etter 45 min. kan ein sjå stølshusa der dei ligg vakkert til på ei grasflate omkransa av granskog og med høg fjellet i bakgrunnen.

Sjølv stølen inngår i kulturminnevernsplanen til kommunen, og området rundt er eit naturreservat med gammal granskog. Skogen er Noregs vestlegaste naturlege granskog, og nokre av trea er svært gamle.

Otterstadstølen er eit unikt stølsmiljø, og dei fleste av husa er godt halde vedlike. Det er òg høve til å leige eit av sela på stølen.

English

Otterstadstølen is a very picturesque mountain farm situated in a nature reserve. The forest surrounding the farm is the most western growing natural spruce forest in Norway and has been dated 400 years back. There are 8 houses in total, some of them with two floors, which is unique in our area. One of the farm houses is available for rental through Aktiv i Modalen

This hike up to Otterstadstølen takes about 45 minutes. The trail is clearly visible and has blue markings and signs.

The route starts here at the information board. The first 500 meters are a bit steep. Then you come to a crossroads where you can choose to follow the shorter or the longer route up to the farm. The shorter has some steeper parts, and the longer is not so steep since it was used to take the cows up in the mountains. The latter one is marshier, and you should wear waterproof shoes.

The hike is graded as moderate, and is suitable for children from 4–5 years of age.

Be aware of slippery stones and roots in wet weather.

